

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

## Svar på høyring frå HiSF - framlegg til endringar i UH-lova og forskrift om eigenbetaling.

Kunnskapsdepartementet har på høyring endringsframlegg til UH-lova og forskrift om eigenbetaling. Høgskulen i Sogn og Fjordane har vurdert framlegga. Vi har kommentert nokre av framlegga, og kommentarane våre følgjer nummereringa i høyringsnotatet.

### 1. Samansetjing av NOKUT sitt styre

HiSF sluttar seg til framlegg om å endre UH-lova for å legge til rette for å utvide NOKUT sitt styre med ein medlem slik at det vert plass til ein studentmedlem med vara frå universitet eller høgskule og ein studentmedlem med vara frå fagskulen.

### 2. Nasjonale deleksamemar

Høgskulen har i utgangspunktet vore skeptisk til å innføre nasjonale deleksamemar dersom dette kan føre til reduksjon av institusjonane sin faglege fridom. Samstundes støttar vi intensjonen om å utvikle reiskapar som kan gi fagmiljøa våre høve til å samanlikne seg med tilsvarande miljø ved andre lærestader. Piloten som vert gjennomført for nokre utdanningar i 2015 vil vere med å gi erfaringar for korleis dette kan gjennomførast i større breidde. Høgskulen ser at dette kan verte utfordrande, samstundes som resultatet kan gi verdifull kunnskap om studentane sitt kunnskapsnivå og kvaliteten på eksamens- og sensurarbeid i sektoren. Arbeid med innføring av nasjonale obligatoriske deleksamemar er i gang, og høgskulen meiner at framlegg til endring i lova er dekkjande for den aktiviteten det vert lagt opp til.

### 4. Krav om lovleg opphald i Norge som vilkår for studierett

HiSF støttar intensjonen i forslag til ny lovparagraf. Etter høgskulen si vurdering er det rett å knyte studierett ved ein høgre utdanningsinstitusjon til lovleg opphald i landet. Framlegg til lovtekst pålegg institusjonane å kontrollere at utanlandske studentar har opphaldsløyve. Det vert og institusjonane som får ansvar for å gjere vedtak om å oppheve studieretten for studentar som ikkje har opphaldsløyve. Det vert lagt til grunn at det vert utarbeidd ei løysing gjennom FS for at institusjonane kan sjekke regelmessig i UDI sitt informasjonsregister.

Høgskulen sluttar seg til forslaget, men ser ordninga vil påføre institusjonane eit nytt ansvarsområde. Det er viktig for institusjonane at UDI si handsaming av søknad om opphaldsløyve for studentar går raskt og smidig, slik at studentane sin status kan avklarast så raskt som mogleg. Det er uheldig dersom institusjonane må gjere vedtak om å trekke tilbake studieretten for studentar som alt har starta på ei utdanning.

**6. Endring av eigenbetalingsforskrifta - innføring av krav til eigen PC for studentar**

Høgskulen sluttar seg til endring i § 3-3 som opnar for at institusjonen kan krevje at studentar skal ha eigen bærbar PC.

Med helsing

Terje Bjelle (sign)  
Viserektor for utdanning

Kari Thorsen (sign)  
Seniorrådgjevar